

Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 14
Tid: Fredag 11.08.2023 - kl. 09.00 – 09.45
Stad: Teams

Til stades:

IKPU:	Hallvard Oppedal (Gulen) - møteleiar, Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Karstein Totland (Masfjorden), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Arbeidsgruppa	Sveinung Toft
Andre:	Hans Kristian Dolmen, Bent Gunnar Næss (BG)
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Anne Grete Eide (Alver), Kjetil Eikefet (Modalen)

Sak 17/23	Godkjenning – sakliste og innkalling Vedtak: Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.
Sak 18/23	Godkjenning av referat frå førre møte Vedtak: Det var ingen merknad til referatet.
Sak 19/23	Planforslag 3 gongs høyring (3GH) og førebuing av møte med Statsforvaltaren Endringane som er gjort i 3GH vart gjennomgått i møte. Det vart fokusert på dei motsegna som var gitt til 2GH og kva som er endra no i 3GH. Føresegnene og motsegn frå Statsforvaltaren. IKP sin haldning er at dei føresegnene som no er sendt ut på høyring stettar dei krav som er gitt i lovverket med Plan- og bygningsloven og dei statlege føringane som er gitt i dei statlege planretningslinjene for sone 2 og 3. Per Lerøy orienterte om Austrheim kommunestyre sitt vedtak der konkrete saker som Statsforvaltaren har gitt avslag på vert anka. Kommunestyret var innstilt på å ta desse sakene til departementet dersom dei ikkje fann ei løysing i dialog med statsforvaltaren. IKPU er av den oppfatning at føresegnene sitt rom for å gi unntak frå plankrav er heilt naudsynt å ha og at dei stettar dei krav som lovverket og statlege føringar som er gitt. Det er viktig for IKPU og få det klart fram for statsforvaltaren at det er strenge krav for å få unntak for plankrav og at kommunane vil ha ein god forvaltning av strandsona der ulike omsyn vert godt teke i vare. Statsforvaltaren må ha tillit til at kommunane er dei som er best i stand til å gjere den jobben.
Sak 20/23	Eventuelt • Ingen saker

Knarvik, 11.08.2023